

# Årsplan 2008

## Innleiing

Det overordna målet for Norsk Ordbok 2014 er som vanleg å greie å oppretthalde manusprogresjonen (jf. punkt B4 i planen). Det inneber at alle ledd i den no store redaksjonen greier å halde dei mange delmåla som blir sette opp for framdrifta. I 2008 har vi som mål å få levert band 7 til forlaget til 1. mai, og at vi har redigert 456 sider av band 8 ved utgangen av 2008.

Det andre hovudmålet går ut på å forbetre vilkåra for effektiv redigering ved å gjere meir tilfang digitalt tilgjengeleg via redigeringsapplikasjonen, jf. punkt D, og dessutan å forbetre og vidareutvikle redigeringsapplikasjonen, jf. punkt C.

Til sist ønskjer vi å arbeide vidare med å gjere prosjektet synleg på ein god måte for ålmenta. (Jf. punkt E15 i planen.) Hovudtiltaket i år vil vere arbeidet med å lage ein ny nettstad for prosjektet, men i tillegg vil vi lansere band 7 på eit arrangement i juni, ha ei bu på Forskingstorget i september og formidle prosjektet til elevar frå vidaregåande skole i mars på Open dag ved UiO. Vi kjem dessutan som vanleg til å vere representerte på diverse fagkonferansar.

## A. Rammevilkår

### 1. Organisering og finansiering

Mål 2008	
a) Lyse ut og tilsetje ny prosjektdirektør våren 2008.	
b) Lage eit årshjul der dei faste oppgåvene til administrasjonen blir skrive inn.	
c) Gjere ein kritisk gjennomgang av løinsnivået internt i redaksjonen med tanke på å jamne ut ubalanse i det lokale lønsoppgjeret. Redaksjonen bør vere	

representert ved plasstillitsmann for å kome fram til kva for kriterium som skal få telje som pluss i vurdering av lønsnivå. Arbeidet bør føregå i april og munne ut i krav frå arbeidsgjevar i dei lokale forhandlingane.	
d) Vi vil framleis vere med på å arbeide for at samlingsverksemda blir konsolidert innanfor rammene av instituttet, men samstundes syte for at prosjektet beheld sitt eige budsjett og administrative handlingsrom.	
e) Vi vil søkje midlar av statsbudsjettet til fristen 14. mars.	
f) Vi vil be om ein auke i driftsmidlane frå UiO ved å vise til auken i midlane frå KKD.	
g) Manuskontroll skal framleis skje ved gruppeleiarane, ved kryssjekkgruppa, ved sitatkontrollen og ved hovudredaktør	

## 2. Lokalisering

<b>Mål 2008</b>	
a) Vi må skaffe to nye redaktørarbeidsplassar i GA25 i 2008 i løpet av februar.	
b) Vi bør halde tett kontakt med HF for å følgje prosessen med rehabilitering av Preklinisk odontologi-bygningen.	

## 3. Personale

<b>Mål 2008</b>	
a) Vi vil gjere ferdig opplæringa av dei tre redaktørane som kom inn i redaksjonen hausten 2007.	
b) Vi vil gje opplæring til dei to redaktørvikarane som kom inn i redaksjonen 1. januar 2008.	
c) Om budsjettsituasjonen tillet det, vil vi tilsetje endå éin redaktørvikar tidleg på vinteren 2008 som skal ha opplæring.	
d) Om budsjettet tillèt det, vil vi engasjere sommarhjelp for tagging av tekst.	
e) Vi bør ta mål av oss til å få minimum produktive 25 redaktørårsverk ut av løyvinga vår. (Jf. at vi har 28 redaktørar knytte til oss pr. 1.1.2008, men to er i permisjon delar av året, og to er i svangerskapspermisjon delar av året.)	

## B. Manusarbeid

## 4. Band 7 og 8

<b>Mål 2008</b>	
a) Vi tek sikte på å ferdigstille band 7 til 1. mai 2007. Det vil seie 106,75 sider med nyredigering, 455,11 sider med kvalitetskontroll og 800 sider med korrektur.	
b) Utarbeide innleiingstekst og bibliografitillegg til band 7 til 1. april.	
c) Utarbeide korrekturinstruks før 15. mars.	
d) La fire redaktørar gjere ferdigkontroll av samla manuskript den siste veka av april.	
e) Vi bør redigere 456 sider av band 8 i 2008. Det gjev eit månadsgjennomsnitt på 57 sider i perioden 1.5-3.12. Men 50 av desse sidene bør redigerast parallelt med ferdigstillinga av band 7 i perioden 1.3-1.5. Dermed bør sidegjennomsnittet vere på 50 sider pr. månad resten av året. Med 25 redaktørar i fullt arbeid blir det 18 sider. pr redaktør i perioden 1.5-31.12, eller 2.2 sider pr månad.	
f) Kvalitetskontrollen bør i størst mogleg grad skje fortløpande.	
g) I februar bør vi revidere kryssjekkinstruksen i samband med at det kjem inn ein ny redaktør i kryssjekkgruppa.	

## 5. Band 1 til 5

<b>Mål 2008</b>	
a) I mai 2008 skal EDD og NO2014 ha eit arbeidsmøte der vi går gjennom status for band 1-5 i databasen, og drøftar ulike kortsiktige og langsiktige måtar vi kan gå vidare med dette arbeidet på. Det bør utarbeidast notat i forkant som oppsummerer dei ulike erfaringane med arbeidet så langt, inklusive tidsestimat og kvalitetsvurdingar.	
b) Vi bør kome fram til ein ny arbeidsplan og eventuell finansieringsplan for arbeidet med band 1-5. Arbeidet blir sett i gang i mai.	

## C. Utvikling av verktøy

### 6. Redigeringsapplikasjonen

<b>Mål 2008</b>	
a) Heile applikasjonen skal nyskrivast i java. Dette vil bli gjort modul for modul, slik at setelarkivet blir startpunktet (jf. punkt 8a), og dinest kjem turen til sorteraren. Dermed vil det ikkje bli gjort overflatiske funksjonalitetsforbetringar i sjølve	

redigeringsprogrammet i 2008. Men slike forbedringspunkt skal registrerast fortløpande med tanke på nyskrivinga av denne modulen i 2009.	
b) Førebu arbeidet med å integrere transkribert talemålsmateriale frå Tekstlaboratoriet i applikasjonen. Heile året.	
c) Få på plass utskriftsfunksjonen i applikasjonen att, dvs. kode om dette eine punktet i redigeringsapplikasjonen. Gjeld også pdf-versjonen av rapportane. Til 15. februar.	
d) Lenkje randomisert korpus til redigeringsapplikasjonen. Til 1. april.	

## 7. Elektronisk utgåve av ordboka

<b>Mål 2008</b>	
a) Å greie ut prinsippa for ei avtale om rettane til den elektroniske utgåva av ordboka med forlaget i februar og mars.	

## 8. Setelarkivet (SA)

<b>Mål 2008</b>	
a) Å revidere sjølve arkitekturen til setelarkivet, dvs. programmere ei ny "utgåve" av databasen i java innan utgangen av 2008. I samband med nyskrivinga vil vi:	
b) Oppnemne ei responsgruppe ved NO i januar.	
c) Kartleggje korleis SA grip inn i dei andre delane av NO-basane, t.d. kjeldesystemet.	
d) Gjere funksjonalitetsforbetringar i høve til det gamle SA.	
e) Leggje til nye element i databasen som gjer det mogleg å leggje inn bilete, kart og lyd.	

## 9. Målføresynopsisen

<b>Mål 2008</b>	
a) Å få lasta inn dei to siste protokollane av Målføresynopsisen i det nye digitale framsyningsformatet til 15. februar.	
b) Å vidareutvikle den digitale synopsisen med tanke på å få gjort søk på ord og lokalitet. Til 1. oktober.	

## 10. Redigeringshandboka

<b>Mål 2008</b>	
-----------------	--

a) Revidere underoppslagskapitlet i mai. Sommarseminaret i juni bør brukast til å få formidla det nyskrive kapitlet.	
b) Kontinuerleg utbygging og innarbeiding av vedtak gjennom heile året	

## D. Utviding og forbetring av tilfang

### 11. Nynorsk tekstkorpus

<b>Mål 2008</b>	
a) Bli ferdig med å tagge Arne Berg <i>Norske tømmerhus frå mellomalderen</i> bd. 1 og 6, seks titlar av Duun og éin tittel av Vesaas før 1. juni.	
b) Få på plass fleire avtaler om levering av elektronisk tekst til korpus, kandidatar er Berge Furre, Ottar Grepstad, Jostein Fet, Gunnar Skirbekk, Kjell Venås og Helge Sandøy	
c) Engasjere sommarhjelp for å tagge meir sakprosa for innlegging i korpuset, t.d. <i>Norsk Allkunnebok</i> bd. 7, fleire band av Arne Berg, Fedraheimen og verka til forfattarar under punkt b ovanfor.	
d) Digitalisere ferdig band 7-10 av <i>Norsk allkunnebok</i> .	

### 12. Metaordboka

<b>Mål 2008</b>	
a) Normere MO til og med <i>e</i> i 2008.	
b) Kople opp 5 prioriterte ordsamlingar.	
c) Hekte på ny versjon av g-manus til 1. mars.	
d) Hekte på Torp på MO før 1. november. Bruke ressursar til manuell oppkopling av 4000 "restord" før 1. oktober.	
e) Kople opp sju prioriterte nordnorske ordsamlingar til 1. juni.	
f) Kople opp 31. tagga ordsamlingar. Gjennomgå taggesystemet og rydde opp. Til 1. oktober.	
g) Betre tilgjenget til eldre ordsamlingar. Kople til MO. I perioden 1. oktober til 31. desember.	
g) Kople digital versjon av NLO til ordbokshotellet. (Reserveoppgåve)	

### 13. Digitale målførekart

<b>Mål 2008</b>	
a) Å utvikle ei nettpubliseringsløyising for dei	

digitale målførekarta om vi får eksterne midlar. Karta bør lastast inn i det nyutvikla formatet til 1. september.	
---	--

## 14. Nytt tilfang

<b>Mål 2008</b>	
a) Vi tek sikte på å registrere 15 000 nye setlar i 2008.	
b) Koste to månader med transkribering av lydband frå målførearkivet.	
c) Vere med på å leggje til rette for vidare digitalisering av Skogen-materialet ved pensjonist. Heile året.	
d) Vere med på å eggje til rette for digitalisering av Haugen-samlinga ved pensjonist. Heile året.	

## E. Formidling, informasjon og kompetanseheving

### 15. Formidling og informasjon

<b>Mål 2008</b>	
a) Vi vil lansere band 7 på eit arrangement i juni.	
b) I samband med arrangementet vil vi arbeide for å få best mogleg pressedekning.	
c) Lage ny nettstad for Norsk Ordbok 2014 til lanseringa av band 7 i juni.	
d) Delta med innlegg på Fagleg-pedagogisk dag i januar.	
d) Delta på Open dag for elevar frå vidaregåande skole 6. mars.	
e) Ha ny bu på Forskingstorget september 2008.	
i) Generelt bør vi seie ja til å vere representerte i fora som vi trur kan gagne prosjektet og som ikkje går på tvers av framdrifta. Døme er Nynorsk Forskarnettverk, Dei nynorske festspela, Fagleg pedagogisk dag, Granavoll-seminar, Nynorsk forum, forskingsgruppe i leksikografi ved ILN og matkulturprosjektet ved NTNU.	
k) Førebu arbeidet med eit DKNVS-seminar i Trondheim i 2009.	

### 16. Kompetanseheving

<b>Mål 2008</b>	
a) Fem (eller seks) assistentar skal bli ferdige med opplæring i 2008, tre før sommaren, og to (eller tre) før jul.	

b) Vi bør vere representerte med føredrag på internasjonale konferansar i 2008. Elles bør alle få høve til å delta på minst éin fagkonferanse i 2008.	
c) Vi vil arrangere sommar- og juleseminar i juni og desember der vi vil trekkje inn eksterne førelesarar.	
d) Om det blir arrangert eit nytt Lexicom-kurs, bør vi vere representerte på dette kurset.	
e) Dei som har behov for det, bør gå på powerpoint-kurs i 2008.	
f) Vi bør sende nokre tilsette på kurs i Excel.	
g) Vi bør arbeide for å få nokon til å lage eit eller fleire individuelle forskingsprosjekt med tilknytning til den digitale basen vår.	
h) Ny direktør bør få leiaropplæring hausten 2008.	